

ETNEDAL KULTURSKULE har som mål å vera eit resurssenter i bygda, fyrst og fremst som eit tilbod til born og unge frå 1. klasse og oppover. Musikk og kultur skapar positive sosiale relasjonar. I kulturskulen får elevane undervisning i ulike kunst- og kulturuttrykk gjennom kreativ læring og oppleving, og dei kan oppdage og utforske nye sider ved seg sjølv. Kulturskulen ynskjer å formidle verdien i opplæring på kulturfeltet som kunstforståing og ei dannelsesreise for den enkelte elev. Og me likar å danse og spela konsertar og vise fram kunst!

Undervisninga følgjer skuleruta og skjer på skulen i eigne lokale enkeltvis eller i grupper fortrinnsvis etter skuletid måndag, tysdag og fredag. Tidspunkt for timane blir avtala med kulturskulen ved starten av skuleåret. Lengda på undervisninga kan variere etter elevens behov og etter gruppestørrelse. Noko undervisning blir også gitt i form av seminar og fellessamlingar. Me har felles lærarar med fleire av våre nabokommunar, noko som opnar for samarbeid over kommunegrensene.

Påmeldingsfrist til kulturskulen er i april kvart år, og me tek berre i mot påmeldingar på nettet. Treng du hjelp til dette, ta kontakt med servicekontoret i kommunen.

NB! Elevar som alt har ein plass i kulturskulen, må gå inn og re-registrere seg kvart år.



Skuleåret 2022-23

Påmeldingsfrist 8. april 2022

<https://noetnedal.speedadmin.dk/tilmelding>



Velkomen til eit kreativt og levande miljø!

Kontaktperson: Bente Hemsing (rektor)

bente.hemsing@etnedal.kommune.no

Telf. 971 52 445

Lærarar i kulturskulen:

- Serhiy Bykov (*piano, keyboard, kyrkjeorgel*)
- Lars Erik Haugerud (*Bruflat musikklag*)
- Bente Hemsing (*fiolin, hardingfele, tradisjonssong, kulturskulekor, teori*)
- Fredrik S Thorsen (*slagverk, band*)
- Arne Nygård (*gitar, bassgitar, ukulele, band, song*)
- Anne-Birthe Nord (*dans*) Evnt vikar
- Anica Seljestad (*kunstfag*)
- Kjell Ivar Vestrom (*Bruflat sangkor*)

Elevkontingent:

Individuell song- og instrumentundervisning	1600 pr halvår
Individuell song- og instrumentopplæring, tilbud til vaksne, 3200 pr halvår	
Kunstfag inkl. materiell	1100 pr halvår
Dans	1050 pr halvår
Band	1050 pr halvår
Kulturskulekor	1000 pr halvår
Småtrølltreff på Fagernes	600 pr halvår
Utvida speletime	450 pr halvår
Teorikurs for nybyrjarar - både elevar og foreldre i lag. Enkeltelev 250 og familie 400 pr halvår	

Det blir gitt 20 % syskenmoderasjon til sysken nummer to i alle tilbud.

Kommunen har også innført inntektsgradert foreldrebetaling. Søknad må sendast kvart skuleår, og skjema ligg på kommunens heimeside.

Instrumentutleige:

Kulturskulen har nokre instrument til utleige: langeleik, hardingfele, fiolin, toradar og xylofon. Pris for leige er kr 400 pr. semester.

Teorikurset er for dei som vil lære litt ekstra rundt note- og teoriforståing. Dette er eit nybyrjarkurs for alle aldrar, og foreldre er også hjarteleg inviterte til å melde seg på. Det blir enkel note- og rytmelære, og me vil lytte til forskjellig type musikk og sjangrar. Dette krev ingen førehandskunnskap.



Kulturskulen har følgjande undervisningstilbod 2022-23:

- Piano
 - Keyboard
 - Kyrkjeorgel
 - Hardingfele
 - Langeleik
 - Fiolin
 - Gitar
 - Bassgitar
 - Ukulele
 - Band/samspel
 - Slagverk
 - Tradisjonssong, einetime
 - Kulturskulekor
 - Kunstfag
 - Torader (undervisning på Fagernes)
 - Dans, frå 5 år og oppover (dei eldste i barnehagen er også velkomne). Grupper blir delt etter alder.
 - Teorikurs, enkel musikkforståing for nybyrjarar, elevar og foreldre
 - Valdresstrykerne, samspel/orkestre på fleire nivå ope for alle strykeelevar i Valdres. Øvingar på Fagernes.
 - FolkemusikkUNG, ekstra gratistilbod til folkemusikkelevar. Samlingar på Valdres folkemuseum ein gong i månaden og enkelte laurdagar. Sjå FB-side for datoar.
- 
- Individuell instrumentopplæring vaksne

Ved stor søkning til enkelte instrument og tilbud, kan eleven bli satt på ei venteliste. Dersom det er ledige elevplassar, opnar me for at vaksne kan melde seg som elevar, men då til dobbel pris.

Koret og korpset i Etnedal er for ungdom og vaksne, og dei er ein del av kulturskulen. Ta gjerne kontakt dersom du er interessert i å vera med:

Bruflat sangkor, dirigent Kjell Ivar Vestrom, kontaktperson Hege Rotnes, tlf 469 65 670. Øving er tysdagar på skulen. Samarbeid med Hedalen sangkor.

Bruflat musikklag, dirigent Lars Erik Haugerud, kontaktperson Åge Kleven, tlf 957 97 299. Øving er tysdagar på Moajordet.